



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-  
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 19 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2011 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 18. november 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2011 i samsvare med punkt 2 nedanfor.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

*Post 60 Integreringstilskot, kan overførast*

Integreringstilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei neste fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid.

Vedteke budsjett er basert på at 7 000 personar utløyser førsteårs integreringstilskot i 2011. Talet er no venta å bli 7 406 personar. Dette er hovudsaka til ein auke i utbetaling av integreringstilskot på om lag 9 mill. kroner.

Medrekna overført løyving frå 2010 vil behovet likevel vere lågare samanlikna med vedteke budsjett.

BLD foreslår å redusere løyvinga med 16,17 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	3 926 034
Løyving 2011	4 248 347
Forslag til tilleggsløyving	-16 171

*Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving*

Kommunar som busett einslege, mindreårige asylsøkjjarar, flyktningar og/eller einslige mindreårige personar med opphald på humanitært grunnlag, mottok tilskot som i 2011 er på 123 144 kroner per person per år. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære integreringstilskotet.

Det er venta ein auke i utbetalingar for 2011 grunna ein auke i busetjing av einslege, mindreårige overføringsflyktningar og ein høgare del som utløyser tilskot i busetjingsåret.

BLD foreslår å auke løyvinga med 4,9 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Løyving 2011	298 344
Forslag til tilleggsøyving	4 901

### Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere

#### Post 22 Norskprøver for vaksne innvandrere

Løyvinga skal dekkje utgifter til gjennomføring av norskprøver for vaksne innvandrere, og behovet er no venta å bli lågare enn føresett i 2011.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 2,9 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	13 021
Løyving 2011	14 898
Forslag til tilleggsøyving	-2 903

#### Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal sikre at kommunane tilbyr opplæring til vaksne innvandrere med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Målet er at den enkelte lærer tilstrekkeleg norsk til å fungere i yrkes- og samfunnslivet i løpet av dei første fem åra i landet.

Vedteke budsjett er basert på at 9 827 personar er i målgruppa for opplæring i norsk og samfunnskunnskap og vil utløyse førsteårs tilskot i 2011. Talet på personar i målgruppa som vil utløyse førsteårs tilskot er no venta å bli 10 419 personar. Dette er hovudårsaka til at utgiftene er venta å auke i 2011.

BLD føreslår å auke løyvinga med 8,58 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	1 450 548
Løyving 2011	1 577 421
Forslag til tilleggsøyving	8 579

### Kap. 840 Krisetiltak

#### Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving

På grunn av nyetablering av incestsenter, lågare overskot i incestsentra sine rekneskap i 2010 enn året før, og at nokre senter har ein realauke i budsjetttrammene sine i 2011, er det eit meirbehov for tilskotsmidlar på 3,2 mill. kroner.

BLD føreslår å auke løyvinga med 3,2 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	61 427
Løyving 2011	63 549
Forslag til tilleggsøyving	3 200

#### Post 70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., kan nyttast under kap. 858 post 01

Departementet har gitt Alternativ til vold (ATV) tilskot til etablering av eit landsdekkjande behandlingstilbod til valdsutøvarar. Stortinget blei i Prop. 120 S (2010-2011) og i Prop 1 S (2011-2012) orientert om at etablering av nye ATV-kontor er forsinka.

Det har vist seg vanskeleg å få etablert nye kontor i samarbeid med kommunar. Som følge av at det er oppretta færre ATV-kontor enn opphavleg lagt til grunn vil utgiftene i 2011 bli 5,5 mill. kroner lågare enn budsjettet.

Departementet har derfor bedt ATV gjere greie for status i dette arbeidet. På grunnlag av utgreiinga må det vurderast om det er realistisk at det blir oppretta fem nye kontor i 2012 slik det er lagt til grunn for i 2012- budsjettet.

Noko av mindreforbruket er nytta til tiltak 19 i handlingsplanen mot vald i nære relasjonar, driftstilskot til Norsk krisesenterforbund og tilskot til ein konferanse om valdtekt (jf. omtale i Prop. 120 S (2010-2011)).

Av mindreforbruket vil det òg bli gitt tilskot til haldningsprosjektet *Sammen mot valdtekt* i regi av Reform-ressurssenter for menn. Prosjektet skal utvikle eit undervisningsopplegg og drive eit haldningsskapande arbeid mot relasjonsvaldtekt.

Departementet føreslår å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	11 417
Løyving 2011	29 794
Forslag til tilleggsloyving	-3 000

### Kap. 841 Samliv og konfliktløsning

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsloyving*

Utgiftene til eksterne meklarar (utanom familievernet) hittil i år tyder på eit mindrebehov på 0,95 mill. kroner.

BLD foreslår å redusere løyvinga med 0,95 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	12 032
Løyving 2011	13 832
Forslag til tilleggsloyving	-950

### Kap. 844 Kontantstøtte

*Post 70 Tilskot, overslagsloyving*

Utgiftene til kontantstøtte i 2011 er anslått til 1 340 mill. kroner, 15 mill. kroner lågare enn løyvinga.

Mindrebehovet kjem av at færre mottak kontantstøtte enn føresett i vedteke budsjett. Det vil seie at fleire nye eitt- og toåringar har plass i barnehage enn tidlegare lagt til grunn.

BLD foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	1 401 455
Løyving 2011	1 355 000
Forslag til tilleggsloyving	-15 000

### Kap. 845 Barnetrygd

*Post 70 Tilskot, overslagsloyving*

Utgiftene til barnetrygd i 2011 er anslått til 14 870 mill. kroner, 50 mill. kroner lågare enn løyvinga i vedteke budsjett for 2011. Dette kjem av redusert anslag på utbetalingar av ordinær barnetrygd inkludert utvida stønad til einslege forsørgjarar.

BLD foreslår å redusere løyvinga med 50 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	14 849 462
Løyving 2011	14 920 000
Forslag til tilleggsloyving	-50 000

### Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50*

Meirbehovet under posten er knytt til Likestillingsutvalet. I tillegg foreslår BLD å flytte 0,25 mill. kroner frå kap. 846, post 79 knytt til utgiftene til nasjonal ekspert i Europarådet.

BLD foreslår til saman å auke løyvinga under kap. 846, post 21 med 1,03 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon under kap. 846, post 79.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	19 177
Løyving 2011	25 967
Forslag til tilleggsloyving	1 030

*Post 79 Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid, kan overførast*

BLD foreslår å redusere løyvinga med 1,03 mill. kroner, jf. tilsvarende auke under kap. 846, post 21.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	4 746
Løyving 2011	7 965
Forslag til tilleggsloyving	-1 030

### Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

*Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, overslagsloyving*

Løyvinga skal dekkje refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak inkludert utgifter til bufellesskap for einslege, mindreårige asylsøkjjarar som blir busette i kommunane.

Utgiftsnivået på posten avheng av kor mange barn som blir busette og kor stor del av alle einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar som treng tiltak frå barnevernet.

Grunna ein auke i talet på busette einslege, mindreårige asylsøkjjarar og høgare refusjonar per barn, er behovet på posten høgare enn tidlegare føresett. Basert på venta utbetalingar i 2011, føreslår departementet å auke løyvinga på posten med 242,6 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	484 874
Løyving 2011	457 400
Forslag til tilleggs-løyving	242 600

### Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

*Post 22 kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01*

Kapittel 855, postane 01, 22 og 60 må sjåast i samanheng. Løyvinga blei redusert med 52 mill. kroner i RNB 2011 for å dekkje venta mindreinntekter på kap. 3855, post 60.

Ein føresetnad for å oppnå budsjettbalanse i 2011 var mellom anna at bruken av institusjonsplasseringar måtte reduserast samstundes med at utgiftsnivået i institusjonane måtte haldast nede. Ein har ikkje klart å oppfylle desse føresetnadene.

Samla løyving på postane er 5 141 mill. kroner og prognosane tilseier utgifter på 5 251 mill. kroner. Meirbehovet utgjer dermed 110 mill. kroner.

Departementet føreslår derfor å auke kap. 855, post 22 med 110 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	1 545 944
Løyving 2011	1 564 330
Forslag til tilleggs-løyving	110 000

*Post 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Barne-, ungdoms og familiedirektoratet har redusert nivået på investeringar for å redusere meirutgiftene på kap. 855.

BLD føreslår å redusere posten med 35 mill. kroner for å dekkje inn delar av meirutgiftane på kap. 855.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	26 408
Løyving 2011	66 427
Forslag til tilleggs-løyving	-35 000

### Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

*Post 22 Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar*

Kap. 858, post 22 skal dekkje utbetalingar til pensjonskassar der tilsette i Bufetat var medlemmer før staten overtok det fylkeskommunale barne- og familievernet. Reguleringspremien blir berekna årleg ut frå endringane i lønns- og trygdeoppgjøret og førre års avkastningar frå premiefond. Reguleringspremien varierer følgjeleg kvart år.

BLD føreslår å auke kap. 858, post 22 med 15 mill. kroner som følgje av meirutgifter til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	32 450
Løyving 2011	30 102
Forslag til tilleggs-løyving	15 000

### Kap. 2530 Foreldrepengar

*Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2011 er anslått til 14 900 mill. kroner, 510 mill. kroner høgare enn løyvinga i vedteke budsjett for 2011.

Meirbehovet kjem mellom anna av oppjusterte anslag på utgifter knytt til auka fedrekvote til ti veker frå 1.7.2010, og høgare gjennomsnittleg foreldrepengegrnlag. Det er òg venta at delen mødrer med foreldrepengar vil vere høgare enn føresett.

BLD føreslår å auke løyvinga med 510 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	13 919 957
Løyving 2011	14 390 000
Forslag til tilleggs-løyving	510 000

*Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving*

Det er venta ein høgare del mødrer med foreldrepengar enn lagt til grunn i vedteke budsjett for 2011, jf. post 70. Dette fører til færre utbetalingar av eingongsstønad.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 45 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	403 387
Løyving 2011	405 000
Forslag til tilleggsløyving	-45 000

*Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving*

Ved utgangen av august var det utbetalt om lag 397 mill. kroner. Vanlegvis vil det meste av feriepengane vere utbetalte per juni månad.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 13 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	384 840
Løyving 2011	397 000
Forslag til tilleggsløyving	-13 000

*Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving*

Talet på adopsjonar ved utgangen av august månad tyder på ein nedgang på om lag 10 prosent frå 2010.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	105 742
Løyving 2011	105 000
Forslag til tilleggsløyving	-5 000

**Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar***Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Det er lagt til grunn at 100 prosent av overføringsflyktningane kjem frå ODA-godkjende land, og at 50 prosent av utgiftene som blir dekt av førsteårs integreringstilskot er ODA-godkjende.

Integreringstilskotet har ulik sats for det første året for barn og vaksne. Samansetjinga av barn og vaksne verkar dermed inn på storleiken av ODA-godkjende utgifter. Endring i samansetjinga av barn og vaksne er årsaka til at godkjende utgifter er venta å bli redusert.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 14 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	77 670
Løyving 2011	99 986
Forslag til tilleggsløyving	-13 976

*Post 02 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp.

Nye tal syner at dei som blir busette frå mottak i gjennomsnitt har vore i Noreg i om lag 8,5 månader på busetjingstidspunktet. Sidan det berre kan rapporterast ODA-godkjende utgifter for det første året dei er i Noreg, kan ein på denne posten derfor berre rapportere for dei første 3,5 månadane etter busetjing. Denne føresetnaden var ikkje lagt til grunn for vedteke budsjett, og godkjende utgifter er derfor venta å bli lågare enn føresett i vedteke budsjett for 2011.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 18,58 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Løyving 2011	25 659
Forslag til tilleggsløyving	-18 580

### Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

#### Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Det er lagt til grunn at 95 prosent av utgiftene til norskopplæring i mottak blir rekna som ODA-godkjende utgifter. Ein reduksjon i talet på asylsøkjarak som kjem inn under ordninga for opplæring i norsk i mottak fører til ein reduksjon i ODA-godkjende utgifter.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 12,94 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	82 872
Løyving 2011	113 575
Forslag til tilleggsloyving	-12 941

### Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet

#### Post 01 Diverse inntekter

Posten omfattar i all hovudsak refusjonar for utlegg for kommunane i samband med institusjonsplasseringar. Ei framskriving av venta inntekter ligg 8 mill. kroner lågare enn løyvinga.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 8 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	19 967
Løyving 2011	26 670
Forslag til tilleggsloyving	-8 000

### Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjarak

#### Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjarak og flyktningar, kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp med heimel i statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development Assistance Centre).

Ifølgje dei seinaste prognosane vil det i gjennomsnitt vere 130 barn i omsorgssentra i 2011. Dette er 20 færre enn ein venta ved revidert nasjonalbudsjett i år. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 27,97 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2010	270 866
Løyving 2011	206 860
Forslag til tilleggsloyving	-27 972

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2011 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgende endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 4 248 347 000 til kr 4 232 176 000	16 171 000
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 298 344 000 til kr 303 245 000	4 901 000
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	
	22	Norskprøver for vaksne innvandrarak, blir redusert med ..... frå kr 14 898 000 til kr 11 995 000	2 903 000
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, blir auka med ..... frå kr 1 577 421 000 til kr 1 586 000 000	8 579 000
840		Krisetiltak	
	61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 63 659 000 til kr 66 859 000	3 200 000
	70	Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., <i>kan nyttast under kap. 858 post 01</i> , blir redusert med ..... frå kr 29 794 000 til kr 26 794 000	3 000 000
841		Samliv og konfliktløyving	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 13 832 000 til kr 12 882 000	950 000
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 355 000 000 til kr 1 340 000 000	15 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med . . . . . frå kr 14 920 000 000 til kr 14 870 000 000	50 000 000
846		Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50</i> , blir auka med . . . . . frå kr 25 967 000 til kr 26 997 000	1 030 000
	79	Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid, <i>kan overførast</i> , blir redusert med . . . . . frå kr 7 965 000 til kr 6 935 000	1 030 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med . . . . . frå kr 457 400 000 til kr 700 000 000	242 600 000
855		Statleg forvaltning av barnevernet	
	22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i> , blir auka med . . . . . frå kr 1 564 330 000 til kr 1 674 330 000	110 000 000
	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med . . . . . frå kr 66 427 000 til kr 31 427 000	35 000 000
858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	
	22	Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar, blir auka med . . . . . frå kr 30 102 000 til kr 45 102 000	15 000 000
2530		Foreldrepenigar	
	70	Foreldrepenigar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med . . . . . frå kr 14 390 000 000 til kr 14 900 000 000	510 000 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med . . . . . frå kr 405 000 000 til kr 360 000 000	45 000 000
	72	Feriepenigar av foreldrepenigar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med . . . . frå kr 410 000 000 til kr 397 000 000	13 000 000
	73	Foreldrepenigar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med . . . . . frå kr 105 000 000 til kr 100 000 000	5 000 000



## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	
	01	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med . . . . .	13 976 000
		frå kr 99 986 000 til kr 86 010 000	
	02	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med . . . . .	18 580 000
		frå kr 25 659 000 til kr 7 079 000	
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med . . . . .	12 941 000
		frå kr 113 595 000 til kr 100 654 000	
3855		Statleg forvaltning av barnevernet	
	01	Diverse inntekter, blir redusert med . . . . .	8 000 000
		frå kr 26 670 000 til kr 18 670 000	
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjarak	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med . . . . .	27 972 000
		frå kr 206 830 000 til kr 178 858 000	

---



---







Trykk: AS O. Fredt Arnesen. November 2011

241491